

## VEDTEKTER FOR NORSK PELSSAULAG

Skipa 1.september 2007. Endra 18.01.15 og 04.03.23.

### §1. LAGET

Norsk pelssaulag, nedanfor nemnt som laget, er eit interesselag for Norsk pelssau.

### §2. FORMÅL.

Laget har to hovudformål:

1. Driva avl på Norsk pelssau i samsvar med vedteken rasestandard og avlsplan.
2. Arbeida for betre økonomi for dei som driv med pelssau.

### §3. ORGANISASJONSFORM.

Laget er eit interesselag for Norsk pelssau. Laget kan ikkje ta økonomisk risiko. Laget skal samarbeide med

Norsk Sau og Geit (NSG) om avl og økonomi.

### §4. MEDLEMSKAP.

Laget er ope for alle som har interesse for norsk pelssau. Medlemskapet er personleg, men dersom to eller

fleire driv sauehaldet saman vert det rekna som eitt medlem med ein medlemskontingent og ei stemme.

Inn- og utmelding skal skje skriftleg, men styret kan stryka medlemmer som ikkje betalar kontingent to år på

rad etter å ha vorte purra.

### § 5. ARBEIDSÅR.

Rekneskaps- og arbeidsåret følgjer kalenderåret.

### § 6. LANDSMØTE

#### 1. Konstituering

Landsmøtet er laget's øvste mynde. Ordinært landsmøte skal haldast innan utgangen av mars kvart oddetals

år. Berre medlemmer har rett til å delta aktivt på landsmøtet med tale- og røysterett. Eit medlem kan la seg representere ved fullmakt til ein annan, frammøtt medlem, men ein medlem kan slik ikkje stemme for meir enn seg sjølv og den han er fullmektig for.

Leiaren kallar inn til landsmøte.

Innkallinga skal skje skriftleg med minst fire vekers varsel. Innkalling gjennom e-post blir rekna som

skriftleg innkalling. Sakliste skal følgje innkallinga eller sendast ut minst 2 veker før møtet.

Landsmøtet kan ikkje gjere bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnde i saklista.

Saker som ein ynskjer handsama på landsmøtet, må vere mottekne av styret innan 1. desember.

## 2. Fleirtalsvedtak

Det einskilde vedtak på landsmøtet blir gjort med vanleg fleirtal blant dei frammøtte. Ved skriftleg

avstemming blir blanke stemmer ikkje rekna med. Likt stemmetal ved val blir avgjort med loddtrekning.

Ved likt stemmetal elles har møteleiaren dobbeltstemme. Landsmøtet er vedtaksført når det er kalla inn på

lovleg måte.

## 3. Landsmøtet skal:

- Velje møteleiar.
- Velje protokollfører.
- Godkjenne innkalling, fullmakter og sakliste.
- Velje to personar som saman med leiaren skal underskrive protokollen.
- Behandle styret sine årsmeldingar og dei reviderte rekneskapa, arbeidsplanar og budsjettforslag.

- Behandle innkomne saker.
- Velje leiar.
- Velje fire styremedlemmer og to vararepresentantar i nummerorden.
- Velje to revisorar med to vararepresentantar.
- Velje valnemnd på tre personar for neste landsmøte.
- Behandle andre saker som er nemnde i innkallinga.

4. Vidare kan landsmøtet bl.a.:

- Vedta/ gjere endringar i rasestandarden, (krev 2/3 fleirtal).
- Vedta/ gjere endringar i avlsplanen
- Vedta å opprette ein verering for å organisere avlsbuskapane i pelssauavlen.
- Delegere anna mynde til styret og evt. leiar.
- Vedta å opprette ein salsorganisasjon for pelslamskinn.
- Vedta medlemskontingent.
- Vedta godtgjering for tillitsvalde og andre.
- Vedta statuttar for tildeling av heidersteikn.
- Vedta endringar av vedtektene, jf. § 11.

#### § 7. EKSTRAORDINÆRT LANDSMØTE

Ekstraordinært landsmøte skal haldast når styret eller minst 1/3 av medlemmene krev det.

Frist og framgangsmåte for innkalling er den same som for vanleg landsmøte. Sakliste skal følgje

innkallinga. Det kan berre gjerast vedtak i dei sakene som er nemnde i saklista.

Det skal førast protokoll for møtet. Protokollen skal underskrivast av leiaren og to personar valde

på møtet.

## § 8. STYRET

### 1. Samansetjing

Laget blir leia av eit styre på 5 medlemmer. Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer deltek. Når berre

tre medlemmer deltek, må vedtak vere einstemmige. Styremøte skal haldast så ofte leiaren finn det

naudsynt eller når minst tre av styremedlemmene krev det.

Utanom leiar konstituerar styret seg sjølv. Styret blir vald for to år om gangen.

### 2. Etter retningsliner frå landsmøtet skal styret:

➤ Arrangere landsmøte, legge fram årsmeldingar, reviderte rekneskap og forslag til budsjett og

arbeidsplanar for inneverande og neste år.

➤ Bidra til å realisere avlsplanen for pelssau i nært samarbeid med NSG.

➤ Krevje innbetaling av eventuell medlemskontingent.

➤ Inngå avtale med NSG om økonomisk, praktisk og fagleg støtte.

➤ I lag med NSG sørge for opplæring av kåringsdommarar.

➤ Gjennomføre andre saker som landsmøtet pålegg styret.

### 3. Styret kan.

➤ Arrangere kurs i avl på pelssau, medrekna dømning av pelslamskinn.

➤ Forhandle om betre pris på pelsslamskinn på vegne av medlemmene.

➤ Ta opp andre saker som vedkjem pelssau og produkt av denne produksjonen.

➤ Oppnemne dei kontaktpersonar og prosjektgrupper dei finn naudsynt for sitt arbeid.

➤ Tildele særskilt heiderstittel/heidersteikn i tråd med statuttar vedtekne av landsmøtet.

#### 4. Protokoll

Det skal først møteprotokoll for styremøta. Protokollen skal være tilgjengeleg for medlemmene.

#### § 9. OFFENTLEGE REGISTER

Leiaren i laget har ansvaret for, og fullmakt til, å melde laget inn i aktuelle og lovpålagde offentlege register.

#### § 10. OPPLØYSING

Oppløysing av laget kan berre skje ved at to landsmøte etter kvarandre gjer slikt vedtak med  $\frac{3}{4}$  fleirtal.

Dersom laget blir oppløyst skal eventuelle økonomiske midlar overførast til NSG.

#### § 11. ENDRINGAR

For å endre desse vedtektene krevst  $\frac{2}{3}$  fleirtal av dei frammøtte på landsmøtet.

Unntak er §§ 2 og 11, som ikkje kan endrast.